

Studentmållaget 110 år. SmiO-soga på 30 minutt

Innleiing på Jubileumsseminar for Studentmållaget i Oslo og Haustseminar for Noregs Mållag, Oslo, laurdag 4. september 2010. [Lett revidert versjon 6.9.2010.]

Som det er gjort kjent i programmet, skal eg gje ei innføring i den 110-årige soga til Studentmållaget i Oslo på nøyaktig 30 minutt. Då har eg 16,4 sekund per år. Ambisjonen min her avgrensar seg difor til å peika på nokre lange liner i soga til Studentmållaget og å gjera nokre punktnedslag i dei 110 åra. På denne vegen er det mangt viktig, det meste faktisk, som ikkje kjem til å bli nemnd, men det får de heller ta meg for etterpå. Sidan me skal diskutera det formelt nedlagde skuleslaget "distriktshøgskulane" etterpå, er det ikkje urimeleg om eitt av desse punktnedslaga vert striden for skipinga av distriktshøgskulane i 1960- og 70-åra.

Bakgrunnen for at det er eg som står her er òg annonsert i programmet, nemleg at eg var med på å skriva 103-årssoga til Studentmållaget. Der skreiv eg rett nok berre om tida før 1930. Seinare har eg fått frå meg ei doktoravhandling om målreisinga fram til 1940, så då skulle det vera sagt kva periode eg har arbeidd mest med, og det var dei gamle, om ikkje gode dagar då ein kunne tala om Universitetet i eintal.¹

Hovudsaka for Studentmållaget har gjennom 110 år vore å organisera dei nynorskbrukande studentane ved Universitetet i Oslo. Ei heilt sentral arbeidsoppgåve som laget aldri har slept taket i, har vore den reint språklege interessekampen: arbeidet for at det skal vera lettast mogleg å vera nynorskbrukar ved universitetet, anten det er snakk om eksamensoppgåver eller eksamenssvar, lærebøker eller administrativ målbruk ved institusjonen. Noko av det fyrste Studentmållaget tok fatt på i 1900, var å gjera det *lovleg* å bruka nynorsk i eksamenssvara ved Universitetet. Den saka vart vunne med ein kongeleg resolusjon i 1908, etter at dei leiande organa ved Universitetet sjølv hadde innsett at det ikkje lenger var mogleg å halda oppe eit forbod mot landsmål etter at sidemålsstilen hadde vorte *obligatorisk* i gymnasiet året før.

Dette sentrale og viktige arbeidsfeltet for laget vil eg ikkje seia meir om her, i staden vil eg nytta tida mi på å peika på nokre område der Studentmållaget har gjort ein skilnad og spela ei rolle *ut over* det indre livet på Universitetet.

Eit fyrste stikkord er *kulturmøte*.

Den målrørsla som dreiv og tok form kring førre hundrearsskifte, var ei utprega bygdekulturell rørsle. Det vil ikkje seia at målrørsla ikkje fanst i byane. Det var i byane Ivar Aasen fekk finansiering og sjølv heldt til, og det var i byane dei fyrste mållaga dukka opp i 1860-åra. Men det var utover på bygdene landsmålet og målsaka verkeleg fekk vind i segla utover i 1890-åra, og i målrørsla vart striden mellom landsmål og riksmål tolka inn i ein temmeleg reindyrka by–land-dimensjon. Det stod mellom ein framand dansk-norsk embetsmannskultur med rot i byane, imot ein heilnorsk bondekultur med rot i

¹ Almenningen m.fl. 2003, kapittel 1 og 2; Hoel 2009. Sjå desse bøkene for nøyaktige kjeldetilvisingar.

bygdene. Dette var tankemønster som òg var nærmest einerådande i målrørsla i *byane* før hundreårsskiftet.

I oktober 1899, eitt år før Studentmållaget vart skipa, kom Bondeungdomslaget i Oslo i gang. Programmet var så tydeleg formulert som det kunne vera: Bondeungdomslaget (*laga*) skulle vera bygdekulturelle oasar i byen der tilflytt bygdeungdom kunne dyrka heimesed og skikk utan å ”få seg eit laug i gyrra” i byen, som Klaus Sletten så treffande formulerde det.² Det skulle altså vera bygdekulturelle varmestover. Men attåt å vera reine segregasjonstiltak, såg leiarane òg føre seg bondeungdomslaga som ein slags trojanske hestar: Ut frå dei ville det etter kvart strøyma bygdefolk som ville ta over byen og erstatta den unorske bykulturen med ein heilnorsk kultur, rotfest i bygdene.

Slike tankar fann ein òg i Studentmållaget, men Studentmållaget vart samstundes på ein heilt annan måte enn bondeungdomslaga tvinga til å forhalda seg til kulturkløfta. Studentmållaget oppstod per definisjon *innanfor* ein urban borgarleg-akademisk kultur, som ein etter beste evne prøvde å blanda med bygdekulturelle innslag. For målstudentane sine allierte i byen kunne dette bli dryg kost, bokstaveleg tala. I 1905 stod Studentmållaget svært sentralt i den republikanske fronten som greidde å få heile 21 prosent av det norske folk til å røysta for å avskaffa monarkiet på eit tidspunkt der den nasjonale øsinga var på sitt største. Denne halve sigeren måtte feirast, og det skjedde på Kaffistova. Heile den republikanske eliten var der, mellom anna den tidlegare statsråden Jakob Schøning, og han noterte i dagboka si: ”Bevertningen var ganske avskyelig – blodpølse, spekekjøtt, lefser, tyntøl og mjød. Det skulde vel være ekte norsk, måtru”.³

Men oftast var det kritikken frå motsett hald som dominerte, som i omtala i lagsbladet av vårfesten 1906: ”Det er diplomat og nationalbunad og aalmannsbunad og felespel og pianospel og norsk dans og rixmaalsdans um ein annan. Der sit ein og spelar springdans paa hardingfele i – diplomat. Her dansar ein kar i diplomat me ei nationalklædd dros. ... Hardingfele og rundtrøia og dei norske dansane er ei verd for seg, der ikkje noko framandt maa koma inn og likeeins er det med pianoet og diplomaten og desse riksmaalsdansarne – polka, mazurka og kva dei no heiter alle.”⁴

Festkulturen i laget var i det heile mykje debattert i desse viktige formande fyrtåra då laget måtte finna si plass i denne kulturkonflikten. På årsfesten i 1903 var ein debattant i det handskrivne lagsbladet *Heidrun* lite nøgd med at festlyden drakk øl av same bollen som vart sendt rundt på gammal bygdevis. ”Eg er samd med festnemndi i at me skal vera so nasjonale som mogelegt. ... [Men] Det er ikkje sikkert at det, som gjeng an upp i ei fjellbygd, søker seg i ein stor by. ... Me tek det nasjonale me hev bruk for og kan bruka, ikkje meir.”⁵

Og der er me ved det vesentlege: Fleirtalet av målstudentane dei fyrtåra hadde bygde- og bondebakgrunn, men dei som tok det store steget det var å bli student ved Universitetet hadde føreteke både ei geografisk reise, ei klassereise og ei kulturreise. Dei hadde flytt frå bygda til byen, dei var i ferd med å ta steget over frå bondestanden til den akademiske mellomklassen, og dei tok steget over frå bondekulturen til den urbane akademiske elitekulturen.

² *Den 17de Mai*, 12.10.1899.

³ Her etter Midttun i Dalgard m.fl. 1952, s. 63.

⁴ *Heidrun*, 10.5.1906.

⁵ *Heidrun*, 11.11.1903. Stykket er underskrive ’Haakon’, så forfattaren er truleg Haakon Wergeland.

Nettopp denne meklarrolla mellom bygda og byen og mellom folket og eliten var kanskje det mest vesentlege tilskotet som Studentmållaget ytte til målreisinga dei fyrste tiåra. På slutten av 1800-talet hadde målrørsla opplevd det store rikspolitiske gjennombrotet for målsaka og stod på terskelen til ein eventyrlig framgang. Samstundes hadde målrørsla òg eit par store utfordringar som Studentmållaget fekk ei nøkkelrolle i å løysa.

Den eine galdt innpass i det høgare utdanningskrinslaupet. Kring hundreårsskiftet kan ein tala om to temmeleg åtskilde utdanningskrinslaup. Det lågare gjekk frå 7-åring folkeskule til dei 2- eller 3-årige lærarskulane som sende lærarar ut att i folkeskulen. Dei private folkehøgskulane og dei offentlege amtsskulane, som var to sider av same sak, var ein del av dette krinslaupet.

Det høgare krinslaupet var folkeskule – mellomskule – gymnas – universitet, som var embetsmannsutdanninga. Innanfor skuleverket kom dei med embetseksamen att som lærarar i den høgre skulen (mellomskule og gymnas) eller, for eit fåtal, som universitetstilsette. Somme vart òg lærarskulelærarar.

I det lågare utdanningskrinslaupet hadde målrørsla fått eit avgjerande gjennombrot med målparagrafen i folkeskulelova 1892 som opna for at skulestyra og krinsane kunne ta i bruk landsmålet som opplæringsmål. Etter nokre års arbeid slo så Stortinget fast ei ordning med obligatorisk sidemål i lærarskulane i 1902. Stadig fleire lærarskular vart sist på 1800-talet reine utklekkingsanstalar for målfolk.

Det høgare utdanningskrinslaupet var derimot lenge upløgd mark. Mellomskulane og gymnasa fann ein hovudsakleg i byane, for ikkje å snakka om Universitetet og embetsverket. Dette var ikkje berre riksmålsbastionar, men òg høgrebastionar. Venstrefleirtalet på Stortinget dreiv i mange år open krigføring mot Universitetet og gjekk i 1894-95 så langt som å kutta løyvingane for å tvinga fram endringer. "Universitetet gaar ikke i Spidsen for Reisningen af vor Nationalitet og for vort Fremskridt. [tvert om leverte fakulteta] "Vaaben mod vort Folks Opfatning af Frihed og Fremskridt."⁶ Den som sa dette i Stortinget, var Venstre-representanten Marius Hægstad som nokre år seinare skulle bli den viktigaste vegbrøytaren for nynorsken på Universitetet. I oktober 1899 vart han professor i Landsmalet og dets dialekter, ei utnemning som vart svært viktig, og dei neste åra var Hægstad den fremste leiaren for målrørsla.

Det var ikkje tilfeldig at utnemninga av Hægstad til landsmålsprofessor kom året før skipinga av Studentmållaget. Sonen til Marius, Leiv, var sentral i skipinga av laget, og dette fall saman med ei gryande sannkjenning i dei sentrale delane av målrørsla om at no måtte ein òg få hol på det høgare utdanningskrinslaupet, elles vert landsmålet ståande utanfor nokre av dei viktigaste samfunnsinstitusjonane.

Då det nyskipa Norigs maallag i 1906 sette obligatorisk sidemålsstil i gymnaset øvst på programmet, var dette ein del av det same, til liks med skipinga av private og offentlege landsgymnas frå om lag 1910. Embetsstanden var ikkje lenger noko som skulle nedkjempast, men vinnast innanfrå. "Norske embetsmenner" var tittelen på eit viktig programføredrag Arne Garborg heldt i Studentmållaget i 1906. Og skapinga av ein (ny)norsk borgarleg-akademisk kultur skulle Studentmållaget spela ei nøkkelrolle.

⁶ Her etter Collett 1999, s. 80.

Ein viktig del av dette var ein sterk *elitisme*:

"Me studentar er dei, som burde vera dei fyrste og framste til aa arbeida fyr alle folkesaker. Det er me, som bør vera fyregangsmenn paa alle leider; det er vor uppgaaave aa ganga i spissen fyre og føra fram til siger dei store sakerne, som er uppe i folke vort. Dette er vor plikt, avdi me hev fengje høve til aa naa den høgste daningi, landet hev aa bjoda paa. Av oss bør ein kunna venta, at me skal vera dei visaste og mest dana millom normennerne, likesom Oden, som kvar dag drakk or brunnen aat Mime, var den vise guden."⁷

Det skreiv ein høgstemt målstudent i det handskrivne lagsbladet i 1901, rett etter skipinga. Dette er den nynorske versjonen av den akademiske kallstanken som slett ikkje var noko særmerkt for målstudentane. Men identifikasjonen med bondekulturen var svært sterkt. I skriftene frå målstudentane den fyrste tida omtalte dei seg på same tid som "me studentar" og "me bondegutar": "me bondegutar kan ta det tyngste tak for maalsaki nettupp ved aa tala bygdemaale vaart, ogso naar me er i byen", skreiv studentmållagsaktivisten Nikolai Lundegaard. Lundegaard sjølv var ingen bondegut – han var frå Arendal der foreldra dreiv Grand hotell, altså ein trygg urban besteborgarleg bakgrunn. Den som meiner at ideen om å skifta og skapa seg sin eigen identitet er noko nytt og postmoderne, burde i høgste grad teke ein prat med dei som skipa Studentmållaget.

Ei av dei viktigaste lange linene i soga til Studentmållaget er skapinga av ein ny norsk elite i tråd med dette programmet.⁸ Lista over statsrådar og stortingspolitikarar, høge embetsmenn, universitetsfolk, pressefolk, kringkastingsjefar, kyrkjeleiarar, juristar og andre med sentrale posisjonar i kulturlivet med bakgrunn i Studentmållaget, er lang.

Det *folkelege* ved Studentmållaget låg dermed i lang tid i det politiske programmet og i folkeopplysningsprogrammet, ikkje i den organisatoriske praksisen. Elitismen og vernet om den borgarleg-akademiske forma var stort sett konstant gjennom skiftande politiske konjunkturar i laget. Alle freistander på å utfordra tradisjonar og høfleg framferd vart sette raskt på plass. I mars 1922 unngjekk styret såvidt å bli kasta etter å ha forsømd seg grovt i tre saker: Dei hadde ikkje lagt krans på båra til oberst Henrik Angell, dei hadde ikkje sendt telegram til Hulda Garborg på 60-årsdagen, og dei hadde ikkje sendt helsing til Anders Hovden på sylvbryllaupsdagen. Dette endra seg lite etter at sosialistane og sosialdemokratane med Kaare Fostervoll i spissen kom tungt inn i lagsleiinga i 1920-åra. Det måtte ein årelang strid til i laget for at studentane ved landbrukskulen på Ås i 1928 allernådigst skulle få bli medlemer i Studentmållaget.

Samstundes kan me trygt slå fast at Studentmållaget har vore ein avantgarde i målrørsla. Dei nye tankane i målrørsla har oftast først vore tenkte i miljøet av målstudentar og nynorske universitetsakademikarar.

Noko av det fyrste Studentmållaget tok tak i, var som nemnt tilhøvet mellom målreisinga og det urbane. Her skilde altså Studentmållaget seg markant frå ikkje minst Bondeungdomslaga. Alt på eit av dei fyrste lagsmøta i det nyskipa Studentmållaget (1901) var emnet for føredraget til Idar Handagard: "Er folkemaale i byarne gode norske maalføre?", og svaret var eit rungande ja. Oslo målet var ikkje noko unntak for Handagard: "For ein Oslogut som ikkje er ein stovegris, men hev fare ute og

⁷ *Heidrun*, 31.1.1901.

⁸ Jf. Høydal 1998.

kjenner gatemalet, er daa landsmalet det naturlege skriftmalet.”⁹ Dette var heilt nye tankar i målrørsla i 1901, men no kom endringa òg raskt. Målförenemnda til Studentmållaget vart sentrumet for denne nyorienteringa i synet på bymåla, og landsmålsprofessor Marius Hægstad måtte etter kvart vedgå at det var Handagard og ikkje Ivar Aasen som hadde rett i denne saka.

Rehabiliteringa av bymåla som gode og norske høvde godt i ei målrørsle som særleg utover i 1920-åra oppgraderte ambisjonane til at nynorsken skulle bli einerådande som riksmalet – då måtte òg byfolket inkluderast. Meir kontroversielt var spørsmålet om kva konsekvensar ein skulle dra av den nye dialektinnsikta når det galdt rettskrivinga. Her ligg kimen til det som skulle bli Studentmållaget sin posisjon i den store rettskrivingsstriden. Alt hausten 1912 sa laget seg samd i Halvdan Kohts store samnorskantek, og då rettskrivingsstriden hardna til i 30-åra, stod Studentmållaget konsekvent på samnorsklinia, som internt i Noregs Mållag var i klårt mindretal. Sentralt stod ideen om at det var målet til arbeidaren som skulle leggjast til grunn for det framtidige samnorske målet, og oppi denne striden vart Oslo Arbeidarmållag skipa, der det nok var tettare mellom studentmållagsaktivistar enn arbeidarar. Då fløya til Sigmund Skard og Hartvig Kiran i 1950-åra kom til makta i Noregs Mållag, hadde dei si sterke støtte i Studentmållaget.

Også når det gjeld ein allmennpolitisk radikalisme, har Studentmållaget vore ein vegbrøytar i målrørsla, som sprang ut av den nasjonaldemokratiske venstretradisjonen og dels stod temmeleg fjernt frå sosialistisk tankegods. Det store skiftet kom her i kjølvatnet av fyrste verdskriegen, då arbeidarrørsla verkeleg byrja å bli ein maktfaktor. Ein nøkkelrolle spela sosialdemokraten Kaare Fostervoll som kom til hovudstaden som godt vaksen student (28 år) i 1919 og vart formann i Studentmållaget. Fostervoll var den sjølvsagde frontfiguren då Studentmållaget i 1923 inngjekk det vidgjetne samarbeidet med kommunistlaget Mot Dag, som førte til at det vart fleirtal for eit reint målstrye i Studentersamfundet hausten 1923, sjølv sagt etter bitter kamp. Alliansen heldt eitt semester til, og sytte for at Mot Dag våren 1924 fekk inn sitt fyrste styre i Samfundet, no med målstudenten Lars Reinton som sekretær slik at alt framleis skulle vera på nynorsk. Samarbeidet med Mot Dag resulterte òg i det fyrste store bladprosjektet til Studentmållaget, ”Fram”, som heldt det gåande frå 1923 til 1929. Det har nok vore ein tendens til å overdrive hopehavet mellom Mot Dag og Studentmållaget. Etter eit knapt år var det over, og både dei målpolitiske og ålmennpolitiske konfliktane vart for store.

I Studentmållaget var likevel dei sosialistiske og sosialdemokratiske innslaga komne for å bli, jamsides venstre- og bondepartifolka. Stort sett var det slik at ein fann kjernen i den radikale opposisjonen i Fram-redaksjonen medan eit miljø dominert av sosialdemokratar og særleg Venstre- og Bondepartifolk styrte laget. ”Studentmållaget vil ikkje styrast fraa Mot Dag” jubla Venstre-avisa *Den 17de Mai* etter eit turbulent halvårsmøte og formannsval i november 1928.¹⁰ Men eit par semester sat òg motdagistar med formannsklubba utan at det førde til noko vidare lineskifte i politikk eller aktivitet, og det må strekast under at laget aldri var i nærleiken av noko kløyving i desse åra. Tvert om demonstrerte Studentmållaget gjennom desse åra at det var fullt mogleg å arbeida for målsaka på tvers av store allmennpolitiske skilje.

Når ein samstundes veit kor konfliktfylt og bittert det norske politiske klimaet var gjennom dei harde 1920-åra, er det ingen tvil om at Studentmållaget spela ei heilt avgjerande rolle i å orientera

⁹ *Den 17de Mai*, 6.11.1902, jf. Hoel 2009 s. 292.

¹⁰ *Den 17de Mai*, 28.11.1928.

målrørsla i det nye landskapet som tok form med overgangen frå venstrestaten til arbeidpartistaten. Og i eit lag som alltid hadde kombinert ymse former for radikalisme med å halda seg nær makta, er det ikkje til å undrast over at Studentmållaget vart ein sosialdemokratisk bastion i målrørsla.

Oppbygginga av regionale utdanningsinstitusjonar var noko som tidleg opptok Studentmållaget. I april 1906 innleidde formann i Noregs Ungdomslag, Nikolaus Gjelsvik, om "Norsk skule- og universitetsprogram". Gjelsvik lanserte her planen om fireårige landsgymnas som bygde rett på folkeskulen.¹¹ Tidlegare tillitsvalde i laget vart etter kvart sentrale i dei mange private og offentlege landsgymnasa som vart skipa, som J.Fr. Voss og Olav Riste. I neste omgang kom Studentmållaget til å rekruttera godt frå dei nye kulla med studentar som landsgymnasa sende frå seg.

Det er ein klar parallel mellom arbeidet for landsgymnasa og striden for distriktshøgskular som kom til å bli ei sentral oppgåve for Studentmållaget sist i 1960-åra. Men her merkar me oss òg ein skilnad. Me har sett at sentrale krefter i Studentmållaget i mellomkrigstida nok delte skepsisen mot Ås-studentar og andre halvstuderte røvarar som ein elles fann i universitetsmiljøet. Sist i 60-åra var skiljelinene annleis. Den rådande utdanningspolitiske linene fram til 1965 hadde vore å byggja ut kapasiteten ved dei eksisterande høgre utdanningsinstitusjonane der dei tre universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim utgjorde grunnstammen saman ein handfull vitskaplege høgskular. 1966-68 kom den regjeringsoppnemnde Ottosen-komiteen med tre utgreiingar som braut med denne tenkinga. Behovet for høgt utdanna arbeidskraft utover i landet skulle avhjelpast med eit nytt skuleslag, 7-8 distriktshøgskular. Ved dei etablerte universiteta vart det protestert, men her kan me trygt seia at Studentmållaget kjende vitjingstida si. Distriktpolitiske tankar stod sterkt i det radikaliserte studentmållagsmiljøet, og ein draum var at det nyskipa Akademiet i Rauland kunne utviklast til eit bygdeuniversitet.

Våren 1968 sette Studentmållaget ned ei aksjonsnemnd som skulle arbeida for at så mange som mogleg av distriktshøgskulane vart lokaliserte til bygdemiljø. Rolf Sagen var føregangsmannen, men heile leiarsjiktet i laget heiv seg med i aksjonen, og Aksjonsnemnda for distriktshøgskulane vart breitt samansett med folk frå Kringkastingsringen, Noregs student- og elevmållag, Norges Bondelag, Noregs Ungdomslag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Noregs Mållag og studentmållaga i Bergen og Oslo. Me tek oss tid til å nemne namna på dei Olaf Almenningen i 100-årssoga til Studentmållaget dreg fram som dei mest sentrale i arbeidsutvalet:¹² Steinar Lægreid, Sigvert Østrem, Svein Lundevall, Erik Fossåskaret, Harald Baldersheim, Sigrid Straand, Audun Heskestad, Rolv mikkel Blakar, Jon Naustdalsli, Halvard Jansen, Ottar Hov, Olav Handal, Gunn Strømsøyen (Hvamstad), Bjørn Bø, Ola Svein Stugu og altså Rolf Sagen. Aksjonen la vekt på at etableringa av distriktshøgskular i bygdemiljø var ei vidareføring av landsgymnasa, folkehøgskulane og lærarskulane. I staden for at dei store bygdesentera fungerte som "intelligensreserve" for storbyane, måtte dei få bruka meir av sine eigne menneskelege ressursar, i eit bygdekulturelt miljø – altså ein aksjon mot "brain drain".

Den som det følgjande året verkeleg forma ut det utdanningspolitiske programmet for det nye skuleslaget, var Gunnar Skirbekk. Eit nøkkelord var motekspertise – distriktshøgskulane skulle representere ein annan måte å sjå viktige saksfelt i samfunnet på enn dei fagmiljøa som ein fann i dei store byane. Dette handla om demokratisk og folkeleg kontroll med fagekspertisen i samfunnet, og

¹¹ Om landsgymnasa, jf. Høydal 2007.

¹² Almenningen m.fl. 2003, s. 211–219.

sjølvsgart om distriktpolitikk. Distrikthøgskulane skulle altså ikkje berre bli leverandørar av folk med nytteige utdanningar som kommunar og næringsliv trong, men òg ha studium i samfunnsfag og allmenne humanistiske fag der kritisk og sjølvstendig – og politisk – tenking vart dyrka fram.

Det som deretter skjedde er eit lærestykke i godt politisk arbeid som har forma dagens utdannings-Noreg:

To hundre bygdekomuniar stilte seg bak aksjonsnemnda, og ein særsla viktig alliert var kyrkje- og undervisningsminister Kjell Bondevik frå Sogndal/Leikanger. I 1969 vedtok Stortinget å setja i gang DH i Stavanger, Kristiansand og Møre og Romsdal, der det skulle bli ei delt løysing mellom Molde og Volda med administrasjon og leiing i Volda. Dette vart eit fyrste brot med sentraliseringa i norsk utdanningspolitikk etter 1945. Hardast var kampen om Telemark der fylkestinget ville ha distrikthøgskulen i Skien, men aksjonsnemnda og bygdene i Telemark greidde å få eit klart stortingsfleirtal for Bø i 1970.

Gunnar Yttri har i soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane peika på den sentrale rolla som folk frå det fylket, dei fleste aktive målfolk, spela.¹³ Utanom statsråden Bondevik galda det folk som Svein Lundevall, studentmållagsformann og seinare fylkesrådmann i S&Fj, årdølen Steinar Lægreid, Ottar Hov frå Gaula og Jon Naustdalslid – langt fleire kunne vore nemnde. Sekretæren for Ottosen-komiteen og leiaren for Seksjon for distrikthøgskular i departementet, handplukka av Bondevik, var den 31-årige juristen Ingjald Ørbeck Sørheim med solide slektsrøter i Luster. I stortingsgruppa til Ap kjempa Einar Førde for bygdealternativet. Yttri peikar òg på noko anna som gjeld Sogn og Fjordane: Til skilnad frå fleire andre fylke fann ein ikkje her synlege og sterke dra-krefter for å få dit ein DH, i motsetnad til Møre og Romsdal der bygd og by tidleg melde seg på. Dei som kjempa mest ihuga for ein DH i S&Fj høyrde til eksilmiljøet i Oslo, mange av dei ikring Studentmållaget. Men våren 1970 fekk Aksjonsnemnda og Studentmållaget til eit DH-møte i Høyanger med solid deltaking frå Oslo og frå fylket. Historikaren Johs. B. Thue har teke stemninga på kornet: ”Idear frå studentopprøret i Vest-Europa vart formidla på rekordfart til trauste bygdepolitikarar frå nes og øyar i eit sundslite og attendeliggjande fylke.”¹⁴ Hausten 1975 kunne så Sogn og Fjordane distrikthøgskule i Sogndal ta imot dei fyrste studentane.

Når eg har dvela litt ved skipinga av Sogn og Fjordane Distrikthøgskule, ikkje berre fordi den etterfølgjande institusjonen er arbeidsplassen min i dag. Det fortel i konsentrert form korleis kultur- og utdanningspolitiske idear som var styrande i Studentmållaget heilt frå skipinga, i 1970-åra fekk handfaste utslag i ei langt meir vidtgåande desentralisering av høgare utdanning enn det mange tenkte seg. Vidare seier det òg noko om kor viktig ein framsynt distriktpolitisk aktivisme i *sentrale* miljø er for distrikta. Og i framhevinga av kor viktig for målreisinga det er å innta dei sentrale samfunnsinstisjonane, har Studentmållaget i Oslo vore ein vegbrøytar.

Utdannings-Noreg ser i dag heilt annleis ut enn både i 1900 og i 1969. Universitetet i Oslo er berre eitt av sju norske universitet, og høgskular har heldigvis vorte det som det *ikke* var meiningsa at dei skulle bli, nemleg eit slags mini-universitet innanfor eit internasjonalt akademisk system. Studentmållaget i Oslo soknar i dag altså til institusjonar som berre fangar opp ein liten del av alle som tek høgare utdanning i Noreg. To viktige kampar i dag står for å oppretthalde og konsolidere den

¹³ Yttri 2008, særleg s. 50–63.

¹⁴ Sitert etter Yttri 2008, s. 56.

desentraliserte strukturen og å forsvara den akademiske fridomen. Studentmållaget i Oslo er i pakt med det beste i lagstradisjonen når det engasjerer seg i desse spørsmåla.

Litteratur

Heidrun, handskrive lagsblad for Studentmållaget i Oslo, Studentmållagets arkiv, Riksarkivet.

Almenningen, Olaf, m.fl. (2003). *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo: Samlaget.

Collett, John Peter. (1999). *Historien om Universitetet i Oslo*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dalgard, Olav, m.fl. (1952). *Studentmållaget 50 år. 1900 - 30. oktober - 1950*. Oslo: Studentmållaget.

Hoel, Oddmund L. (2009). *Målreising og modernisering i Noreg 1885-1940*. Avhandling (ph.d.). Trondheim: NTNU, Det humanistiske fakultetet.

Høydal, Reidun. (1998). *Ein ny norsk elite. Norskdomsrørslas akademikarar*. Skriftserie / Forum for universitetshistorie nr. 1/1998. Oslo: Universitetet i Oslo.

Høydal, Reidun. (2007). Upp og fram! Landsgymnaset vert til. I Helge Vold og Gudleiv Forr (red.), *Landsgymnaset. Volda, Voss, Hornnes, Eidsvoll, Firda, Orkdal, Bryne, Steinkjer, Vinstra, Finnfjordbotn, Bø, Alta : historia, rektarar, lærarar, hybelliv, minne* (s. 11-68). Oslo: Samlaget.

Yttri, Gunnar. (2008). *Frå skuletun til campus. Soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*. Leikanger: Skald.